

ÅRSRAPPORT 2015

FOR

SIMAS IKS



ÅRSMELDING 2015
SIMAS IKS

Innhold:

Samandrag av året
SIMAS i dag
Formålet med verksemda
Eigar- og ansvarsdel i verksemda
Organisering av verksemda
Representantskapet
Styret
Organisasjon
Handsaming av avfallstypar
Gebyrendringar 2011-2016
Avfallsmengder
Avfallsmengder og aktivitetar
Årsmelding frå styret
Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Revisjonsmelding

ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS

Ressursar på rett veg

Dette er arbeidstittelen på strategiarbeidet som SIMAS gjennomfører i desse dagar. Ny strategiplan skal vera ferdig i løpet av våren og denne planen vert eit viktig arbeidsverktøy for den vidareutvikling som SIMAS skal i gjennom dei neste åra. Det «Grøne Skifte» og «Overgang til Sirkulær økonomi» er utsegn som går att i den offentlege debatten for tida og dette, i lag med utviklingstrekkka i bransjen, dannar ramma for strategiplanarbeidet.

SIMAS har i 2015 gjennomført den største investeringa i verksemda sin historie. Det er bygd omlastingshall med ny produksjonslinje for pressing og emballering av avfallet. I samband med denne bygginga er interne vegar og anna infrastruktur også endra, og me har no fått eit framtidretta anlegg. Dei nye arbeidsprosessane vil medføre endringar for mannskap og drift. Me kjem gjennom denne investeringa til å redusere talet på vogntog ut frå anlegget, noko som gir vesentleg reduksjon i CO2-utslepp.

SIMAS Næring AS vart etablert og satt i operativ drift i 2015. Me har satt av tre år til å få dette selskapet etablert i marknaden. Dette er heilt naudsynt i ein marknad med skjerpa konkurranse om næringskundane. Målet med selskapet er å tilby gode og konkurransedyktige løysingar for næringskundane i marknaden vår.

I 2015 vart ny løysingar innan informasjon og service lansert med Renovasjons App og Mi Side-løysing der ein enkelt kan finne informasjon om både sitt eige abonnement og anna som er relevant. Heimeside er også oppdatert. Kvart år kjem skuleklassar frå kommunane på besøk til Festingedalen. Denne aktiviteten ønskjer me å halda fram med, og vonar enno fleire har lyst å kome til Festingedalen for å bli litt kjende med avfallshandtering og SIMAS.

Kundane si haldning til sortering av avfallet er avgjerande for å få til best mogeleg kostnadseffektiv avhending og slutthandsaming av avfallet. God sortering sparer SIMAS for mykje ekstraarbeid og målet med informasjonsarbeidet vårt er å få kvar og ein av oss til å ta sorteringsoppgåva på alvor. Til flinkare me blir i heimen med å sortere avfallet til meire sparar me miljøet for vår åtfærd og handlingar.

På slutten av året fekk me ein brann i lageret av returtre. Denne brannen vare i fleire dagar og etter stor innsats frå Sogn Brann og Redning, Sivilforsvaret og egne tilsette vart brannen sløkket seint ein laurdag. Det gode samarbeidet under brannen hindra at brannen utvikla seg til ein deponibrann. Eg vil takka tilsette, samarbeidspartnarar, kundar og eigarkommunane for godt samarbeid i 2015.

Hallvard Thomassen
Direktør

ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS

SIMAS i dag


Kommunane har etter forureiningslova ansvaret for handtering av hushaldningsavfallet. Dette ansvaret er av kommune Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal og Sogndal delegert til det interkommunale selskapet SIMAS IKS. SIMAS er ein forkorting av Sogn Interkommunale Miljø- og Avfallselskap. Årdal kommune er også medeigar i selskapet, men handterer avfallet sjølv.

Selskapet har ansvaret for all handsaming av hushaldningsavfall for eigarkommunane, utanom Årdal, og handterer i tillegg også det meste av næringsavfallet i regionen. Totalt er det ca 28.000 innbyggjarar i regionen som får avfallet handsama av SIMAS.

Næringsavfallet vert i frå 01.01.2015 teken hand om av SIMAS gjennom dotterselskapet SIMAS Næring AS. Dette selskapet har ansvaret for alle ikkje lovpålagde renovasjons-oppgåver, og skal vera eit virkemiddel for morselskapet for å sikre tilgang på næringsavfall, samt arbeide med utviklingsoppgåver innan avfallshandtering.

Kontor- og arbeidsstaden er Festingdalen på Kaupanger. Her er det miljø- og avfallsstasjon, sorteringsanlegg, komposteringsanlegg, omlastingsstasjon for restavfall, og deponi for deponiavfall. I 2015 var det 17 fast tilsette.

SIMAS si plassering i verdikjeda er vist i figuren nedanfor :



Formålet med verksemda


SIMAS vart stifta med heimel i kommunelova § 27 på møte i Sogn Regionråd den 20. mai 1994. Frå 01.01.02 vart SIMAS endra til å bli eit IKS, heimla i Lov om interkommunale selskap. SIMAS skal utføra eigarkommunane sine oppgåver innan avfallshandtering på best mogeleg måte, både økonomisk, miljøvenleg og i ressursbruk. Selskapsavtalen vart sist endra i 2014.

ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS

I arbeidet med renovasjonsspgåvene skal òg kundane sine ønskjer og interesser takast best mogleg omsyn til. Selskapet skal leggja særleg vekt på miljøvenleg og kostnadseffektiv drift i alle ledd av avfallshandteringa. Selskapet skal i samarbeid med kommunane informera abonnentane om drifta av selskapet. Selskapet skal i dette arbeidet leggja vekt på å gje auka kunnskap og forståing for miljøvenlege handteringsmetodar.

Selskapet skal samordna kommunane sitt arbeid med å hindra avfallsproduksjon, redusera avfallsmengdene og auka utnyttinga av ressursane i avfallet. Handteringa av avfallet skal skje på basis av økologiske prinsipp samstundes som sentrale miljøkrav vert stetta. Selskapet skal også vera pådrivar ovanfor eigarkommunar, lokalt næringsliv og innbyggjarar innan avfallsområdet.

SIMAS har organisert verksemda innanfor tre hovudarbeidsområde; innsamling, handsaming og avhending av avfall. Avfallsløysinga og servicenivået kan opplevast ulikt i området selskapet opererer i. Det følgjer av dei geografiske utfordringane regionen har spreidd busetnad.



Kartet viser det geografiske området, inklusiv Årdal, som SIMAS har ansvaret for.

For å kunne vurdera SIMAS si evne til å løyse oppgåvene er følgjande viktig;

- Kva blir henta hjå abonnentane?
- Kva må bringast?
- Avstand til returpunkt og miljøstasjon?
- Opningstider?
- Fysisk utforming og estetikk?
- Gebyr og kostnader?

Dette er faktorar som vert vektlagt i arbeidet med å vidareutvikla verksemda saman med eigarkommunane og kundane. Målet må vere å finne dei gode løysingane saman.

ÅRSMELDING 2015
SIMAS IKS


Eigar- og ansvarsdel i verksemda

Eigar- og ansvarsforholda i verksemda er fordelt ut frå folketal i respektive eigarkommunar;

Kommune	Antal innbyggjarar	% eigardel	Andel av total gjeld 31.12.15	Andel av langsiktig gjeld 31.12.15
Aurland	1 755	5,37 %	kr 3 714 691	kr 3 029 351
Balestrand	1 293	3,96 %	kr 2 736 807	kr 2 231 881
Høyanger	4 195	12,83 %	kr 8 879 276	kr 7 241 098
Leikanger	2 295	7,02 %	kr 4 857 673	kr 3 961 459
Luster	5 071	15,51 %	kr 10 733 447	kr 8 753 184
Lærdal	2 163	6,62 %	kr 4 578 277	kr 3 733 610
Sogndal	7 838	23,98 %	kr 16 590 171	kr 13 529 374
Vik	2 687	8,22 %	kr 5 687 393	kr 4 638 100
Årdal	5 391	16,49 %	kr 11 410 769	kr 9 305 544
SUM	32 688	100,0 %	kr 69 188 504	kr 56 423 600

Organisering av verksemda

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Eigarkommunane vel ni medlemmar til representantskapet. Styret har fem medlemmer og tre varamedlemar, valde av representantskapet. Direktøren står ansvarleg for den daglege drifta av SIMAS.



ÅRSMELDING 2015

SIMAS IKS

Representantskapet

Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet, selskapsavtalen og i samsvar med lover og vedtekter. I 2015 handsama representantskapet dei faste sakene etter selskapsavtala.

Styret

Styret har hatt følgjande medlemmer i 2015:

- Jøril Hovland, Sogndal kommune, leiar
- Jan Roy Dalheim, Årdal kommune, nestleiar
- Åge Skrede, Balestrand kommune
- Edith Valeberg Eggum, Leikanger kommune
- Ingebjørn Giil, Høyanger kommune


Varamedlemmer:

1. Arve Hønsi, Vik kommune
2. Margunn Hylland, Aurland kommune
3. Alf Magne Hjellum, Lærdal kommune

Styret har hatt 9 møter i 2015, der eit av møta var styreseminar i lag med dei tilsette. Styret har handsama 71 saker. Dei viktigaste sakene utanom årsmelding, rekneskap, budsjett og investeringsplan var arbeidet med ny strategiplan. Styret fokuserer særleg dei områda i drifta og i administrasjonen som har avvik frå ordinær drift.

Organisasjon


Hausten 2014 vart den nye organiseringa vedteken;



ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS


SIMAS Næring AS leiger alle tenester og oppgaver hjå SIMAS IKS

I 2015 auke sjukefråværet i verksemda. Dette skyldas i hovudsak langtidssjuke. Dette påverkar heile organisasjonen, og belastninga på enkeltpersonar kan verta stor i periodar. SIMAS er sær sårbar for fråvær, og det må arbeidast vidare for å unngå det store fråværet. Figuren nedanfor viser fråværet fordelt på lang- og korttidsfråvær.



Handsaming av avfallstypar

Når ein kjeldesorterer kan ein nytta dei fleste avfallstypane som råvare i produksjon av nye varer eller til energiproduksjon.




Av dei totale avfallsmengdene, eks dekkmassar, som kom inn til SIMAS sitt anlegg i Festingdalen vart berre 1 % lagt på deponi. Dette er på nivå med tidligare. Målsetninga er 90% av avfallet skal gå til material- og energigjenvinning.

ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS

Gebyrendringar 2011-2016

Selskapet vert drive etter sjølvkostprinsippet innan hushaldningsavfall og slam. Det har vore små endringar i gebyret dei siste åra.



Figuren viser %-vis endring i gebyra dei siste 6 åra

ÅRSMELDING 2015
SIMAS IKS

Avfallsmengder

Totalt vart avfallsmengda som SIMAS handterer redusert til 20.793 tonn. Reduksjonen skuldast reduserte dekkmassar. Elles er mengdene om lag som for tidlegare år.

Oversikt over dei ulike avfallstypene og utviklinga i tonn frå 2015 - 2009

Avfallstype	Avfall År 2015	Avfall i tonn 2014	Avfall i tonn 2013	Avfall i tonn 2012	Avfall tonn 2011	Avfall tonn 2010	Avfall tonn 2009
Papir/papp/drikkekartong (innsamla)	2 309	2 147	2 340	2 401	2 501	2 254	2 367
Papp (næring)	250	142	-	-	26	-	-
Plasteballasje	39	238	58	58	47	30	23
Landbruksplast	171	209	107	111	125	106	126
Våtorganisk avfall (innsamling)	2 570	2 804	2 612	2 503	2 591	2 704	2 605
Våtorganisk avfall (Nomil/Vanylven)	2 352	2 004	2 376	2 402	1 965	2 149	2 408
Glas	410	374	350	349	371	268	293
Metall	136	482	491	505	422	541	368
Skrap (miljøstasjon)	139	190	526	582	370	312	333
Klede	116	32	80	48	20	84	80
RENAS avfall	19	17	27	65	38	96	167
Elektronikk avfall	215	22	26	22	45	139	70
Kvitevarer	-	50	78	55	-	92	74
Kuldemøblar	56	-	-	-	-	83	38
Farleg avfall	155	103	171	124	116	84	114
Bilbatteri	66	55	40	41	33	0	35
Klorparafin-ruter	26	18	14				
PCB-haldige isolerglas	23	5	9	27	7	1	23
Treavfall (reint)	253	401	442	778	503	349	346
Behandla trevirke	2 120	2 040	1 710	1 784	1 816	1 463	1 873
Park og hageavfall	215	-	-	-	-	-	-
Trykkipregnert trevirke	213	168	123	170	100	100	121
Avvatna slam	1 462	896	1 331	1 044	1 272	1 026	1 432
Flytande feit, frityrfeitt	20	20	3				
Råslam	-	196	226	342	-	-	308
Slam frå renseanlegg	92	82	117	141	312	99	198
Slam frå sandfang	10	5	30	38	64	101	154
Restavfall (innsamling)	3 425	3 381	5 472	5 573	5 327	5 051	5 691
Restavfall (miljøstasjonar)	1 799	1 642	226	-	-	-	-
Restavfall (næring)	1 606	2 055	1 610	1 779	2 029	1 289	1 438
Asbest	26	307	42	56	71	95	28
Oljeforensa masse	7	109	164	-	-	-	14
Dyr	-	-	-	-	-	-	1
Betongklossar m/armering (Lærdal)	-	464	-	-	-	-	-
Betongklossar		49					
Gips	108	17	19	56	20	37	
Dekkmasse kl 1	68	8 577	5 887	123	2 526	1 083	39
Dekkmasse kl 2	317	21	62	85	375	82	115
SUM	20 793	29 322	26 769	21 262	23 091	19 718	20 886

Årsmelding frå styret

Om verksemda

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, med til saman 32 542 innbyggjare. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaminga av alt hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal. Kontor- og arbeidsstad er Festingdalen på Kaupanger.

Resultatet

Omsetninga i selskapet i 2015 var på 62,5 millionar kroner, dette er 2,5 millionar kroner meir enn i 2014. Resultatrekneskapen syner eit samla underskot på 1,5 millionar kroner i 2015. I 2014 var det underskot på 0,3 millionar kroner.

Eigendelar, utgjer 92,8 millionar kroner der eigenkapitalen er på 20,3 millionar kroner og samla gjeld utgjer 72,5 millionar kroner. Den langsiktige lånegjelda utgjer 56,4 millionar kroner, mot 29,9 millionar kroner pr 31.12.14. SIMAS har ei låneråme på 65 millionar kroner, som eigarkommunane godkjende i 2014.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rett bilete av SIMAS sine eignelutar og gjeld, eigenkapital, finansielle stilling og resultat. Føresetnaden for fortsatt drift er til stades, og årsrekneskapen for 2015 er sett opp med denne føresetnaden.

Dekking av underskot

Underskotet på 1,5 millionar kroner er dekkja med tilsvarande reduksjon i eigenkapitalen

Finansielle investeringar

Verksemda har ein investeringsstrategi med låg risiko. Midlane selskapet har er plassert i pengemarknaden, og i aksjar i verksemdar knytt til drifta av verksemda. Av samla midlar utgjer akseposten om lag 2 %. SIMAS IKS eig SIMAS Næring AS med aksjekapital på kr. 500.000.-

Arbeidsmiljø og personale

SIMAS har i 2015 hatt 17 fast tilsette. I tillegg har det vore leigd inn ekstra personalressursar i samband med gjennomføring av ulike prosjekt.

Det samla sjukefråveret var i 2015 på 10,5 % mot førre år 4,6 %. Auken skuldast langtidssjukmeldingar. Langtidsfråveret utgjer 9,2 % og korttidsfråveret 1,3 %. Det vart ikkje registrert yrkesskadar eller yrkessjukdom som førte til fråvær. SIMAS IKS har som mål å vera ein arbeidsplass der det skal vera full likestilling mellom kvinner og menn. Tradisjonelt har det vore få kvinnelege søkjarar til våre stillingar, særleg når det gjeld drifta ute.

Ytre miljø

Selskapet har fleire aktivitetar for å halde skadedyr borte frå hovudanlegget i Festingdalen. Flygeavfall vert jamleg rydda bort frå nærområdet, og årleg gjennomfører med ryddedagar på anlegget.

ÅRSMELDING 2015 SIMAS IKS

Kvart år måler vi karakteren på sigevatnet, og i 2015 hadde same karakter som året før, Totalutsleppet auka mot året før, men det vil variere grunna svingingar nedbørs- mengdene i området. Det er installert system for oppsamling av deponigassar og den innsamla gassen vert avfakla i eige anlegg.

Framtida

Arbeidet med ny strategiplan for perioden til og med 2020 er sett i gang. Planen tek utgangspunkt i dei overordna krava som vert sett til verksemda, i tillegg til dei lokale utfordringane som regionen har innan avfallshandsaming. Styret er opptekne av at selskapet skal vere ein sentral kompetansebedrift innafor avfallhandtering i regionen. Samstundes må me legge til rette for lokal verdiskaping med utgangspunkt i dei ressursane verksemda samlar inn.

Den daglege drifta i verksemda har følgjande hovudutfordringar;

- Kontinuerleg informasjon for å halda oppe og påverke haldningane med avfallssortering, og sette fokus på mindre produksjon av avfall og meir gjenbruk
- Følgja opp kundeavtalane, kvalitetssikre og handsama søknader raskt og rettvist.
- Auka gjenvinningsgraden på avfallet som SIMAS tek imot og handsamar.
- Etablere SIMAS Næring AS som aktiv aktør i den konkurranseutsette marknaden

Styret vil takke dei tilsette og samarbeidspartnarar for godt samarbeid.

Kaupanger 16.03 2015




Jøril Hovland
Styrelsiar




Jan Roy Dalheim
nestleiar




Age Skrede
styremedlem



Edith Valeberg Eggum
styremedlem



Ingebjørn Giil
styremedlem



Hallvard Thomassen
Direktør

RESULTATREGNSKAP

SIMAS IKS

DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2015	2014
Salgsinntekt		63 725 655	59 285 690
Annen driftsinntekt		-1 263 194	748 658
Sum driftsinntekter		62 462 461	60 034 348
Varekostnad		29 560 635	27 349 411
End. beh. varer u.tilv. og ferdigvarer		71 046	-18 046
Lønnskostnad	2, 7	12 870 039	11 754 033
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	3	7 638 101	6 916 900
Annen driftskostnad	2, 6	13 217 144	13 886 980
Sum driftskostnader		63 356 965	59 889 278
Driftsresultat		-894 504	145 071
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annen renteinntekt		123 372	451 807
Annen finansinntekt		19 489	9 947
Annen rentekostnad		729 630	644 350
Resultat av finansposter		-586 769	-182 596
Ordinært resultat før skattekostnad		-1 481 273	-37 526
Skattekostnad på ordinært resultat		371	268 778
Ordinært resultat	8	-1 481 644	-306 304
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
Årsresultat		-1 481 644	-306 304
OVERFØRINGER			
Overført fra annen egenkapital		1 481 644	306 304
Sum overføringer		-1 481 644	-306 304

BALANSE

SIMAS IKS


EIENDELER	Note	2015	2014
ANLEGGSMIDLER			
IMMATERIELLE EIENDELER			
Utsatt skattefordel		946 197	0
Sum immaterielle eiendeler		946 197	0
VARIGE DRIFTSMIDLER			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom		59 585 584	34 841 358
Maskiner og anlegg		4 139 001	6 250 142
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		5 121 001	5 207 120
Sum varige driftsmidler	3	68 845 586	46 298 620
FINANSIELLE ANLEGGSMIDLER			
Investeringer i datterselskap		506 797	506 797
Investeringer i aksjer og andeler	4	209 651	209 651
Andre langsiktige fordringer		164 214	172 039
Sum finansielle anleggsmidler		880 662	888 487
Sum anleggsmidler		70 672 445	47 187 107
OMLØPSMIDLER			
Lager av varer og annen beholdning	1	217 000	288 046
FORDRINGER			
Kundefordringer	1	15 868 568	3 373 679
Andre kortsiktige fordringer		302 591	1 200 409
Sum fordringer		16 171 158	4 574 088
INVESTERINGER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	5 771 247	12 314 493
Sum omløpsmidler		22 159 405	17 176 627
Sum eiendeler		92 831 850	64 363 734

BALANSE

SIMAS IKS


EGENKAPITAL OG GJELD	Note	2015	2014
INNSKUTT EGENKAPITAL			
Aksjekapital		20 293 331	21 774 974
Sum innskutt egenkapital		20 293 331	21 774 974
OPPTJENT EGENKAPITAL			
Sum egenkapital		20 293 331	21 774 975
GJELD			
AVSETNING FOR FORPLIKTELSE			
ANNEN LANGSIKTIG GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjoner	6	53 238 400	27 094 660
Øvrig langsiktig gjeld		3 185 200	2 835 200
Sum annen langsiktig gjeld		56 423 600	29 929 860
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		9 191 302	10 050 448
Skyldig offentlige avgifter		3 101 935	832 859
Annen kortsiktig gjeld		3 821 683	1 775 592
Sum kortsiktig gjeld		16 114 920	12 658 899
Sum gjeld		72 538 520	42 588 759
Sum egenkapital og gjeld		92 831 850	64 363 734

Styret i SIMAS IKS



Jøril Hovland
styreleiar


Jan Roy Dalheim
nesteleiar


Åge Skrede
styremedlem


Ingebjørn Giil
styremedlem


Edith Valeberg Eggum
styremedlem


Hallvard Thomassen
direktør

SIMAS IKS NOTAR TIL REKNESKAPEN 2015

Note 1: Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak.
Følgjande rekneskapsprinsipp er nytta:
Debitorar pr. 31.12.15 er vurdert til pålydande med reduksjon for avsetning tap på krav kr. 75.000,-.
Varelager er vurdert til innkjøpspris.
Eigenkapitalinnskott KLP er ført som anleggsmiddel.

Note 2: Tilsette, godtgjersler og lån til tilsette, m.m.:

	2015		2014	
Lønskostnader består av følgjande postar:				
Løner:	kr	10 396 379,00	kr	9 466 280,00
Arbeidsgjevaravgift:	kr	1 221 472,00	kr	1 106 230,00
Pensjonskostnader:	kr	1 024 896,00	kr	936 297,00
Andre personalkostnader:	kr	227 293,00	kr	245 227,00
Sum lønskostnader:	kr	12 870 040,00	kr	11 754 054,00
Gjennomsnittleg tal tilsette:		20		20
Kostnadsført revisjonshonorar utgjær:	kr	57 219,00	kr	46 400,00
Godtgjersler til leing:	Dagleg leiar:		Dagleg leiar:	
Løn/annan godtgjersle:	kr	877 527,00	kr	802 880,00
Styreleiarhonorar	Styreleiar		Styreleiar	
	kr	80 000,00	kr	79 000,00

Ingen eigarar har gjeld til selskapet.

Pensjonsforpliktelsar er dekkja gjennom dei normale forsikringane i KLP.

Note 3: Driftsmidlar:

	Kostpris:	Avgang/ Tilgang:	Sats:	Årets avskrivn.:	Akk. avskrivn.:	Bokført 31.12.15:
Tomter, bygninger o.a fast eigedom	kr 81 790 157,00	kr 29 133 329,00	2-10%	kr 4 392 103,80	kr 46 789 799,20	kr 59 741 583,00
Maskiner og anlegg	kr 10 190 129,00	kr -180 669,00	20 %	kr 1 925 473,00	kr 4 108 987,00	kr 3 975 000,00
Driftsløsøre, inventar o.a utstyr	kr 10 211 342,00	kr 1 232 405,00	10-33%	kr 1 320 525,00	kr 4 994 222,00	kr 5 129 000,00
SUM:	kr 102 191 628,00	kr 30 185 065,00	0	kr 7 638 101,80	kr 55 893 008,20	kr 68 845 583,00

Tilgang er finansiert ved lån i Kommunalbanken.

Note 4: Aksjar:

Selskap:	Total aksjekapital:	Tal aksjar:	Pålydande:	Overkurs:	Bokført verdi:
RECOM AS	kr 1 750 000,00	48	kr 500,00	kr 1 000,00	kr 101 651,00
RETURA AS	kr 1 580 000,00	60	kr 1 000,00	kr 1 800,00	kr 108 000,00
SIMAS Næring AS	kr 500 000,00	500	kr 1 000,00	kr 6 797,00	kr 506 797,00

Note 5: Skatt og bundne midlar:

	2015	2014
Avsett skattekostnad i balansen	kr 115 054,00	kr 268 778

Av samla bankinnskott er kr.600.000,- bundne skattetrekksmidlar.

Note 6: Langsiktig gjeld, pantsetjingar og garantiar:

Eigarkommunane er garantistar og er gjensidig ansvarlege for alt låneopptak.
Det er i 2015 avsett kr. 350.000,- i etterdriftsfond.
Samla verdi etterdriftsfond utgjær pr. 31.12.15 kr. 3.185.200,-.

Note 7: Obligatorisk tenestepensjon

SIMAS IKS pliktar å ha eigen tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.
Føretaket sin tenestepensjon vert administrert av Kommunal Landspensjonskasse (KLP).
KLP oppfyller krava etter denne lova.

Note 8: Avdelingsfordeling

	Kommunalt		Slam		Næring		Totalt	
Driftsinntekter	kr	32 915 142	kr	5 957 626	kr	23 589 693	kr	62 462 461
Driftsutgifter	kr	-28 682 274	kr	-7 513 432	kr	-20 273 158	kr	-56 468 864
Avskrivning	kr	-4 127 742	kr	-432 607	kr	-3 077 752	kr	-7 638 101
Driftsresultat	kr	105 126	kr	-1 988 413	kr	238 783	kr	-1 644 504
Finansposter	kr	-318 930	kr	-27 682	kr	-240 156	kr	-586 768
Resultat	kr	-213 804	kr	-2 016 095	kr	-1 373	kr	-2 231 272
Skattekostnad					kr	-371	kr	-371
Skattefunnmidlar	kr	322 500			kr	427 500	kr	750 000
Resultat	kr	108 696	kr	-2 016 095	kr	425 756	kr	-1 481 644
Fond 01.01.2015	kr	173 841	kr	4 159 816				
Resultat 2015	kr	-173 841	kr	-1 978 567				
Fond 31.12.2015	kr	-	kr	2 181 249				

Kopi til:

Til Representantskapet i SIMAS IKS

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen 2015 for SIMAS IKS, som viser eit underskot på kr 1 481 644,-. Årsrekneskapen omfattar balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret som er avslutta per denne dato, ein omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen, og for at årsrekneskapen gir eit rettvisande bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap, forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding for interkommunale selskap og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av økonomisk utruskap eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Oppgåva vår er på grunnlag av revisjonen vår å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjon, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast økonomisk utruskap eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkjande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er føremålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen framlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til SIMAS IKS per 31. desember 2015, og av resultat for rekneskapsåret som vart

avslutta per denne datoen i samsvar med reglane i rekneskapslova, tilleggskrav i lov om interkommunale selskap og god rekneskapsskikk i Noreg.

Fråsegn om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om fortsatt drift og forslaget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjonen av årsrekneskapen som omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.



Marianne Vara
Oppdragsansvarleg revisor